

Målet med førebyggjande heimebesøk er å:

- Fremma helse og meistring i kvardagen
- Førebyggja sjukdom / sjukdomsutvikling
- Formidla informasjon
- Oppretta kontaktpunkt

Besøket føregår ved at me kjem heim til deg for ein uformell samtale, der me kan tilby nyttig informasjon til deg.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål.

Samnanger kommune
Heimetenesta
Tlf: 56589850 (sentralbord)

Førebyggjande heimebesøk til eldre



Foto: Inge Aasgaard



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Førebyggjande heimebesøk

Me ynskjer at alle innbyggjarar i Samnanger kommune skal kjenne seg trygge, oppleve livskvalitet, og behalde god helse lengst mogleg.



KVA:

Samnanger kommune tilbyr førebyggjande heimebesøk til alle som fyller 81 år inneverande år som ikkje allereie mottar pleie - og omsorgstenester frå kommunen. Alle i målgruppa vil få eit brev med tilbod om heimebesøk. Besøket er gratis og er eit frivillig tilbod. Om du ynskjer, kan pårørande vere tilstades.

KVIFOR:

Hensikta med heimebesøket er å bidra til at alle som fyller 81 år inneverande år som bur heime, skal kunne fortsetje å bu heime og kjenne seg trygge, oppleve livskvalitet og behalde god helse lengst mogleg.

KORLEIS:

Du vil få eit tilbod om førebyggjande heimebesøk av kvalifisert helsepersonell, og dei har teieplikt. Du er med på å bestemme innhaldet i samtalen, men tema kan vere kosthald og mosjon, informasjon om ulike hjelpemiddel, fallførebygging eller andre ting du ynskjer å ta opp. Du vil òg få informasjon om kommunale tenester og aktivitets - tilbod som fins i kommunen.